



Møtebok

Villreinnemnda for Setesdalområdet

Bykle hotell

5.-6. april 2016

5.april: Arbeidsutval 16.00-19.30, 3,5timar

6.april: Villreinnemnda 08.30-15.00, 6,5 timar

Faste medlemmar tilstades:

Kai Larsen		Bygland
Tommy Vatslid	Nestleiar	Bykle
Guro Libjå		Fyresdal
Torbjørn Fjermestad	Arbeidsutval	Gjesdal
Lill Synnøve Laugaland	Arbeidsutval	Hjelmeland
Janne Nøklund Haddeland		Hægebostad
Sven Terje Orthe		Kvinesdal
Mona Riis	Arbeidsutval	Kviteseid
Knut Oddvar Nes		Nissedal
Anne Tove Sandal Teigenes		Odda
Klara Holmestad Nerheim		Suldal
Knut Hagen		Valle
Bertin Bjåen		Vinje
Margit Smeland	Leiar	Åmli

Faste medlemmar ikkje tilstades::

NN (ikkje oppnevnt)	Forsand
Per Øyvind Grimsby	Sirdal
Ann Margit Urbø	Tokke
Jan Arild Bjørndal	Åseral

Varamedlemmer:

Anita Haugen	For Per Øyvind Grimsby	Sirdal
Knut Kristian Vadder	For Ann Margit Urbø	Tokke
Kari Røynlid	For Jan Arild Bjørndal	Åseral

Frå administrasjon:

Jarle Lunde, sekretær
Tor Punsvik, Fylkesmannen i Agder

Sakliste

- Sak 5/16: Delegasjonsreglement Villreinnemda for Setesdalområdet
- SAK 6/16 UTTALE TIL SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ VERNEVEDTAK OG VERNEFORSKRIFTER FOR FRAFJORDHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE OG SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE MED DYRELIVSFREDNING.
- Sak 7/16 Høyring av revisjonsdokument for Sira-Kvina reguleringen i Sirdal og Kvinesdal kommuner
- Sak 8/16 Godkjenning av avskytingsplan 2016 for Våmur-Roan
- Sak 9/16 Godkjenning av avskytningsplan for Setesdal-Ryfylke 2016
- Sak 10/16 Godkjenning av "Avskytningsplan Setesdal Austhei 2016"
- Sak 11/16 Eventuelt

Sand, 10.april 2016

Jarle Lunde
For Villreinnemda for Setesdalområdet



Sak 5/16

Delegasjonsreglement Villreinnemnda for Setesdalområdet

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	05.04.2016	Jarle Lunde
Villreinnemnda for Setesdalområdet	06.04.2016	Jarle Lunde

Bakgrunn

I førre periode (2012-2015) utarbeida nemnda eit delegasjonsreglement som blei lagt til grunn for arbeidet. Bakgrunnen for dette er å få ein effektiv saksflyt. Erfaringane viser at delegasjonsreglementet fungerte bra. Tidligare sekretær, Jørn Haug, skriv dette i eit notat om "Erfaringar frå villreinnemnda sitt arbeid siste periode":

Villreinnemnda har mange medlemmar og med ei stor geografisk spreiding. For å kunne halde seg til uttalefristar og få til ein effektiv saksflyt har det vore naudsynt med eit AU, og der dei fleste saker er delegert til AU evt. sekretær og leiar. Ulempa med dette er at resten av villreinnemnda vert lite involvert i den «daglege drifta». For å bøte på dette har underteikna lagt vekt på å involvere lokal nemndsmedlem i saker som gjeld deira kommune. Dette er viktig for å få lokalkunnskap i saker samt få engasjert ein større del av nemnda i ulike saker. Eit poeng i denne samanheng kan vera ein fast post på vår og haustmøtet der ein går igjennom saker som AU har arbeida med siste halvår.

Delegasjonsreglementet har fungert bra. Kommunane kan gjerne oppmodast til å sortere «hardare» i høve til kva saker dei sender over til uttale. Dette kan spare sekretær for ein del arbeid.

Vurdering

I forslag til nytt delegasjonsreglement er det berre gjort mindre endringar i forhold til førre.

Framlegg til vedtak:

Delegasjonsreglement for villreinnemnda 2016-2019

Nemnd

- Årleg kvotevedtak.
- Vedtak av bestandsplanar.
- Årleg budsjett
- Bruk og fordeling av fellingsavgift.
- Vedtak om utvida jakttid.
- Arealsaker av regional verknad

Arbeidsutval

- Uttale til arealsaker, men med unntak for byggesaker/dispensasjonssaker. Lokal representant vert rådspurd.
- Innstilling i saker til nemnda

Nemnda vert sendt kopi av alle uttaler.

Leiar og sekretær

- Innkalling, organisering og saksførebuing til arbeidsutval og nemnd.
 - Byggesaker/dispensasjonar. Lokal representant vert rådspurd.
 - Innsamling av fellingsrapporter og rapportering i hjorteviltregisteret (sekretær)
 - Kontakt med Fylkesmann, Miljødirektoratet, Norsk villreinsenter, villreinlaga og andre aktørar
-

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemnda

Det blei ført til eit punkt under nemnd:

- Nemnda kan ha telefonmøte ved spesielle behov

Vedtak

Delegasjonsreglement for villreinnemnda 2016-2019

Nemnd

- Årleg kvotevedtak.
- Vedtak av bestandsplanar.
- Årleg budsjett
- Bruk og fordeling av fellingsavgift.
- Vedtak om utvida jakttid.
- Arealaker av regional verknad
- Nemnda kan ha telefonmøte ved spesielle behov

Arbeidsutval

- Uttale til arealsaker, men med unntak for byggesaker/dispensasjonssaker. Lokal representant vert rådspurd.
- Innstilling i saker til nemnda

Nemnda vert sendt kopi av alle uttaler.

Leiar og sekretær

- Innkalling, organisering og saksførebuing til arbeidsutval og nemnd.
 - Byggesaker/dispensasjonar. Lokal representant vert rådspurd.
 - Innsamling av fellingsrapporter og rapportering i hjorteviltregisteret (sekretær)
 - Kontakt med Fylkesmann, Miljødirektoratet, Norsk villreinsenter, villreinlaga og andre aktørar
-

Saksprotokoll, Villreinnemda for Setesdalområdet

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Delegasjonsreglement for villreinnemda 2016-2019

Nemnd

- Årleg kvotevedtak.
- Vedtak av bestandsplanar.
- Årleg budsjett.
- Bruk og fordeling av fellingsavgift.
- Vedtak om utvida jakttid.
- Arealsaker av regional verknad.
- Nemnda kan ha telefonmøte ved spesielle behov.

Arbeidsutval

- Uttale til arealsaker, men med unnatak for byggesaker/dispensasjonssaker. Lokal representant vert rådspurd.
- Innstilling i saker til nemnda

Nemnda vert sendt kopi av alle uttaler.

Leiar og sekretær

- Innkalling, organisering og saksførebuing til arbeidsutval og nemnd.
- Byggesaker/dispensasjonar. Lokal representant vert rådspurd.
- Innsamling av fellingsrapporter og rapportering i hjorteviltregisteret (sekretær)
- Kontakt med Fylkesmann, Miljødirektoratet, Norsk villreinsenter, villreinlaga og andre aktørar



SAK 6/16

UTTALE TIL SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ VERNEVEDTAK OG VERNEFORSKRIFTER FOR FRAFJORDHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE OG SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE MED DYRELIVSFREDNING.

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	05.04.2016	Jarle Lunde
Villreinnemnda for Setesdalområdet	06.04.2016	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

[Sira-Kvina kraftselskap: Søknad om dispensasjon fra vernevedtak og verneforskrifter for Frafjordheiane landskapsvernområde og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde med dyrelivsfredning.](#)

Bakgrunn

Sira-Kvina Kraftselskap ønsker å nytta fallet i elva Storå i Sirdal kommune til kraftproduksjon. Influensområdet til Storå kraftverk ligger innanfor Frafjordheiane landskapsvernområde og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde med dyrelivsfredning. Sidan tiltaket påverkar desse verneområda har NVE vedteke at Sira-Kvina kraftselskap må søke om dispensasjon frå verneforskrifter og naturmangfoldlova før ein kan gå vidare og behandle tiltaket etter vassdragslovgivinga.

Kraftselskapet har difor søkt Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) om dispensasjon frå vernevedtak og verneforskrifter.

Villreinnemnda har motteke saka frå SVR med høyringsfrist 18. april.

Prosjektet

Prosjektområdet er lokalisert nord om Valevatnet og fylkesveg 45 i Sirdal kommune. Storårenn mellom Degevatn og Valevatn, og er en sideelv i Siravassdraget. Prosjektområdet er vist i kart.


Som det går fram av kartet er det to alternativ der begge inneber at Degevatn kan nyttast som eit naturleg inntaksmagasin. Ein ca 30 m lang betongdam er planlagt ved utløpet av Degevatnet. HRV er foreslått lagt på kote 827 og LRV på kote 825. Det forutset at kraftverket blir kjørt på tilsig når dette er mogleg, dette for å bevare naturlege forhold i størst mogleg grad.

Alternativ 1 gir ein årleg middelproduksjon på 56,5 GWh, alternativ 2 gir 59,5GWh.

Anleggsfasen er planlagt å bli gjennomført utan at det blir etablert ny veg opp til reguleringsområdet. Vidare vil overføring av vatn, samt kraftstasjon bli bygd i fjell.

Sira-Kvina kraftselskap legg fram planane om Storå kraftverk som eit opprustings-/utvidingsprosjekt (O/U) i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra for eksisterande utbyggingar i Siravassdraget. Retningslinjene for revisjon av konsesjonsvilkår av 2012 (OED) oppfordrar regulantane til å lansere gode opprustning og utvidelsesprosjekt i samband med vilkårsrevisjonar. Det gir auka fleksibilitet og moglegheit for å gjennomføre betydelige miljøtiltak i forbindelse med revisjonar.

I avtaledokumentet for revisjon av Sira-Kvina reguleringa er det sett vilkår om utbygging av Storåa, for finansiering av punkt knytt til formidling av verneverdiar og vasskraft på Sirdal museum.



Figur. Oversikt over nedbørsfelt, utbyggingsalternativ med meir.

Vurdering

Villreinen i området

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag utgjer villreinen i Norge siste rest av denne arten i Europa, og stammen i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er den sørlegaste førekomsten. Desse heiområda utgjer dermed dei sørlegaste fjellområda i Europa med intakte høg fjellssystem som inkluderer villrein.

I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Det omsøkte utbyggingsområdet ligg innanfor grensene som er sett for nasjonalt villreinområde.

Setesdal Vesthei er frå naturen si side eit marginalt villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Eit anna særpreg er ei rekkje tyngre naturinngrep som har bidrege til ei vesentleg fragmentering av området. Villreinen er difor i dag delt i to bestandar, ein i syd og ein i nord og aust for Blåsjø. Det synes i dag å vere stor semje om at kraftutbygginga med store magasin og inngrep har hatt ein negativ innverknad på reinen si vandring og beitemoglegheiter i Setesdal Vesthei.

Resultata frå GPS-prosjektet viser at *“villrein som har tilhold syd for Blåsjø har en til dels sesongavhengig bruk av sine leveområder, med en mer utstrakt bruk av områdene som ligger syd for Brokke – Suleskard vegen gjennom vintermånedene. Sommerstid har reinsdyra i disse delene av Setesdal Vesthei tilhold lenger nord”*(Dispensasjonssøknad s23).

Det aktuelle utbyggingsområde blir betrakta som ein perifer del av Setesdal Vesthei. I søknaden for Storå kraftverk kan ein lese at området er *“i et visst monn funksjonsområde for bukker i løpet av sommerhalvåret. Denne delen av Setesdal Vesthei må allikevel regnes som en svært marginal del av villreinområdet og reinsdyra her har bare en sporadisk bruk av areal som vil bli påvirket av den her omsøkte reguleringen.”*(Dispensasjonssøknad s23).

Dei siste 20 åra har villreinen nytta områda i liten grad. Dette utelukkar allikevel ikkje at området igjen kan bli teken i bruk. Frå 2013 har ein på ny eit femårig villreinprosjekt i Setesdal-Ryfylke. Prosjektet har eit overordna mål å auke reinen sin bruk av villreinområda. I periodar med nedising av beite i dei meir sentrale leveområda kan randområda syna seg å vere svært viktige.

I tillegg til kraftutbygging er det mange faktorar som påverkar leveområda til villreinen. Døme er vegutbygging, hytteutbygging, ferdsel med meir. Med bakgrunn i dette er det vesentleg at ein i ulike saker knytt til arealdisponering vurderer den totale belastninga område er utsett for. Det synest i den samanheng til §10 i naturmangfoldlova vedkommande krav om vurdering av *“samlet belastning”*.

I denne samanheng skal det og seiast at betongdammen vert bygd nær ei eksisterande 300 kV kraftleidning og at inngangsportalen til kraftstasjon vil ligge i eit område som frå før er prega av reguleringssonen rundt Valevatn og andre tekniske inngrep.

Verneverdiar og heimelsbakgrunn

I kapittel III i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde* heiter det:

1. *Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.*

2. *Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa.*

Vidare heiter det (kapittel IV punkt 1.1) at *“Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter”. Her blir det i forskrifta rekna opp mange typar inngrep, bl a vassdragsregulering.*

Verneområdestyret sin heimel til å fatte vedtak om dispensasjon frå verneforskriftene er naturmangfaldlova § 48, første ledd:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Slik sekretæren vurderer det kjem inngrepa i direkte berøring med verneverdiane i området, både punkt 1 og 2 ovanfor. Når det gjeld villrein, er det kanskje ikkje her og nå påverknaden er størst, men over tid kan inngrepa ha ei negativ påverknad på villreinen, og dermed og på verneformålet. Kravet om at tiltaket ikkje skal påverka *“nevneverdig”* inneber at dispensasjonsmoglegheiten er snever.

Dersom inngrepa strir med verneformålet, skal tiltaket altså være av *“vesentlig samfunnsinteresse”* for at det skal kunne gis dispensasjon. Jfr *“Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter”* (Miljødirektoratet) ligg det i dette at det må vere tungtvegande grunnar av nasjonal meining slik som t.d. viktige kommunikasjonsanlegg. Saker som har lokal/regional tyding er ikkje rekna for å vere tilstrekkeleg som grunnlag for dispensasjon etter dette vedtaket. At eit område er verna, vil i seg sjølv vere eit tungtvegande argument for å finne ei løysing utanfor området.

Eit moment er og moglegheitene for presedensverknader. Om Sira-Kvina får løyve til ny vassdragsregulering i verneområde, vil dette kunne signalisere at eit vern ikkje er til hinder for vasskraftutbygging. Dette gjeld lokalt rundt verneområdet, men og i landet forøvrig.

Framlegg til uttale

Sira-Kvina Kraftselskap ønskjer å utnytte fallet i elva Storå i Sirdal kommune til kraftproduksjon. Influensområdet til kraftverket ligg i Setesdal Vesthei og Frafjorheiane landskapsvernområde. NVE har difor vedteke at Sira-Kvina kraftselskap må søke om dispensasjon frå verneforskrifter og naturmangfoldlova før ein kan gå vidare og behandle tiltaket etter vassdragslovgivninga.

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Det omsøkte utbyggingsområde ligg innafor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda. Villreinstamma utgjer ein heilt sentral verneverdi i verneområda.

Villreinnemda for Setesdalsområdet er negative til ei utbygging av Storå kraftverk. Me kan ikkje sjå at prosjektet oppfyller vilkåra stilt i naturmangfoldlova § 48 for å kunne dispensere frå verneforskriftene.

Villreinnemda syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Framlegg til uttale blei samrøytes vedteke.

Vedtak til uttale:

Sira-Kvina Kraftselskap ønskjer å utnytte fallet i elva Storå i Sirdal kommune til kraftproduksjon. Influensområdet til kraftverket ligg i Setesdal Vesthei og Frafjorheiane landskapsvernområde. NVE har difor vedteke at Sira-Kvina kraftselskap må søke om dispensasjon frå verneforskrifter og naturmangfoldlova før ein kan gå vidare og behandle tiltaket etter vassdragslovgivninga.

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Det omsøkte utbyggingsområde ligg innafor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda. Villreinstamma utgjer ein heilt sentral verneverdi i verneområda.

Villreinnemda for Setesdalsområdet er negative til ei utbygging av Storå kraftverk. Me kan ikkje sjå at prosjektet oppfyller vilkåra stilt i naturmangfoldlova § 48 for å kunne dispensere frå verneforskriftene.

Villreinnemda syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll, Villreinnemda for Setesdalområdet

Framlegg til vedtak blei vedteke mot ei stemme.

Uttale:

Sira-Kvina Kraftselskap ønskjer å utnytte fallet i elva Storå i Sirdal kommune til kraftproduksjon. Influensområdet til kraftverket ligg i Setesdal Vesthei og Frafjorheiane landskapsvernområde. NVE har difor vedteke at Sira-Kvina kraftselskap må søke om dispensasjon frå verneforskrifter og naturmangfoldlova før ein kan gå vidare og behandle tiltaket etter vassdragslovgivninga.

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Det omsøkte utbyggingsområde ligg innafor grensene som er satt for nasjonalt villreinområde. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere leveområda. Villreinstamma utgjer ein heilt sentral verneverdi i verneområda.

Villreinnemda for Setesdalsområdet er negative til ei utbygging av Storå kraftverk. Me kan ikkje sjå at prosjektet oppfyller vilkåra stilt i naturmangfoldlova § 48 for å kunne dispensere frå verneforskriftene.

Villreinnemda syner elles til saksutgreiinga.



Sak 7/16

Høring av revisjonsdokument for Sira-Kvina reguleringa i Sirdal og Kvinesdal kommunar

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	05.04.2016	Jarle Lunde
Villreinnemnda for Setesdalområdet	06.04.2016	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

[Revisjonsdokument SiraKvina.pdf](#)

Bakgrunn

På bakgrunn av felles krav frå Sirdal og Kvinesdal kommune og føringar frå NVE har Sira-Kvina kraftselskap utarbeida eit revisjonsdokument som bl.a. beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene man er kjent med. Revisjonsdokumentet er lagt ut på til offentlig høring, med frist 18.april. Villreinnemnda for Setesdalsområdet stod ikkje på høringslista i saka. Dette blei påpeika ovanfor NVE, og nemda fikk saka tilsendt 2.mars. Nemnda har fått utsett svarfrist til 25.mai.

Revisjonsdokumentet og høringssvar til dette vil utgjøre ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

I nyare konsesjonar er det innført standardvilkår som gir heimel for å kunne pålegge ulike miljøtiltak. I følgje NVE innfører dei dagens standardvilkår i samtlege revisjonar. Det gir mulighet til å pålegge regulanten miljøtiltak utan konsekvensar for energiproduksjon.


Det er ikkje sjølve konsesjonen som er gjenstand for revisjon men vilkåra den er gjeven på. Eventuelle endringar av vilkåra vert og vurdert i forhold til kost/nytte inkl. mogleg produksjonstap.

Kort om utbygginga

Reguleringsområdet i Sira-Kvina reguleringane dekker eit areal på i overkant av 2.700 km² i Vest Agder, Aust Agder og Rogaland. Kart over Sira-Kvina konsesjonsområde kan du sjå under.

Sira-Kvina kraftselskap regulerer dei to hovedvassdraga Sira og Kvina, i tillegg er ein mindre del av Dirdalsvassdraget overført til Siravassdraget. Sira-Kvina har ein total magasinkapasitet på 5,6 TWh som svarar til ca. 90 % av den årlige produksjonen. Svartevatnsmagasinet, som er kraftselskapet sitt klart største magasin, har ein magasinkapasitet på 1398 million m³, eller ein energimengde på ca. 2,8 TWh.

Sira-Kvina kraftselskap har totalt 7 kraftverk. Total installert effekt er 1760 MW fordelt over 16 aggregat.



Villrein som del av revisjonsdokumenta

I revisjonsdokumentet for Tokke-Vinjereguleringa som nemnda gav høyringssvar på i 2013, var villrein ikkje teke opp som tema verken i revisjonsdokumentet frå Statkraft eller i kommunen sitt kravdokument. Slik er det ikkje her.

Problemstillingar knytt til redusert tilgjengelegheit for villrein til beiteområda er omtalt. Det er og utfordringar knyt til at anleggsveier har opna opp fjellområda for auka ferdsel. Det har gitt økt tilgjengelegheit til naturområda, men samtidig økt forstyrringar for dyrelivet i fjellområda.

Sira-Kvina har gjennom GPS merkeprosjektet bidrege til kunnskapsoppbygging om villreinbestanden i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane. Prosjektet er vidareført frå 2011 og skal gå fram til 2018 med GPS

merking på bestemte fokusområder. Dette gjelder til døme sentrale områder til Sira-Kvina anlegga ved Svartevatnsmagasinet og Roskreppfjorden. Vidare har Sira-Kvina vært sentral i prosjektdesign i nytt villreinprosjekt RenewableReindeer som er hovudfinansiert av Norges Forskningsråd

Tiltak knytt til villrein foreslått i avtaledokument (s48):

1. Videreføre FoU aktivitet knyttet til villrein i fjellområdene.

1b Vurdere avbøtende tiltak gjennom konsesjonen i forhold til standard naturforvaltningsvilkår.

Vurdering

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Bakgrunnen er at villreinen i Norge er siste rest av arten i Europa. Fokus på arealforvaltning er ein viktig strategi for å ta vare på dyra på lang sikt. I energisaker som vind- og vasskraftutbygging er det vanleg at villreininteressene jobbar for at dyra skal vere så lite skadelidande som mogleg. I revisjonssaker som denne blir problemstillinga annleis:

Korleis kan ein gjere avbøtande og kompensierende tiltak i leveområda til villreinen som vil forbetre arten sine levevilkår.

Det er fleire føresetnader som må til for å få til dette, bl. a:

- Ei felles forståing for at kraftutbygginga har medført negative konsekvensar for villrein
- Ein må ta utgangspunkt i villreinen sitt leveområde, ikkje kraftregulanten sitt nedbørsfelt
- For å finne dei beste avbøtande tiltaka må ein ta utgangspunkt i dei samla negative konsekvensane i villreinområde, ikkje berre tiltak knyt direkte til kraftselskapet sine inngrep.
- Eit godt kunnskapsgrunnlag
- Vilje og økonomi for å gjennomføre tiltak

Setesdal Vesthei er frå naturen si side eit marginalt villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Eit anna særpreg er ei rekkje tyngre naturinngrep som har bidrege til ei vesentleg fragmentering av området. Sira-Kvina har saman med Ulla-Førre reguleringa vore med på å legge avgrensingar for korleis villreinen nyttar områda. Store reguleringsmagasin som Svartevassmagasinet, Roskreppfjorden og Blåsjø har øydelagt viktige beiteområde. Og kanskje ennå meir dramatisk for villreinen; dei nye magasinane har avskore mange av dei viktigaste trekkvegane. I praksis er villreinbestanden i dag difor delt i to bestandar, ein i syd og ein i nord og aust for Blåsjø.

Det synes i dag å vere stor samd om at kraftutbygginga har hatt ei negativ direkte innverknad på reinen si vandring og beitemoglegheiter. Det er og grunn til å peika på dei indirekte verknadane. Med anleggsvegar er det blitt lettare adkomst og dermed auka ferdsel i området. Ein konsekvens av reguleringa var og flytting av turistforeninga sitt rutenett frå vest mot meir sentralt villreinområde i aust. Auka bruk og ferdsel medfører meir forstyrningar for dyra. I tillegg kjem annan påverknad i form av vegutbygging, hyttebygging i randområda med meir.

Med bakgrunn i dette er det vesentleg at ein vurderer den totale belastninga villreinområdet er utsett for. Det synast i den samanheng til §10 i naturmangfoldlova vedkomande krav om vurdering av «samlet belastning».

I denne samanheng er det eit poeng at dei ulike reguleringskonsesjonane i villreinområda forfell til revisjon til ulik tid. Det er pr. i dag ikkje opna for revisjon av Ulla-Førre, dette må gjerast før 2022. Høyring til revisjonsdokument for Tokke-Vinjereguleringa (Statkraft) blei gitt av villreinnemda i 2013. Dette blei blant anna framheva i uttalen:

- Fastsetting av nye konsesjonsvilkår må byggje på ei vurdering av den samla belastninga villreinen i Setesdal Ryfylke er utsett for
- Vilkårsrevisjonen av Tokke-Vinjereguleringa må sjåast i samanheng med pågåande og kommande revisjonsprosessar i andre delar av villreinområda.

Villreinnemda vil altså gjenta at NVE må akseptere at både avbøtande og kompensierende tiltak ovanfor villrein må vera retta inn mot villreinområda, og ikkje avgrensa mot regulanten sitt nedbørsfelt. Som følgje av dette må ein sjå pågåande og kommande revisjonar i samanheng.

Tiltak

Dei seinare åra er det og gjort eit monaleg arbeid mtp. kartlegging av villreinen sin bruk av område. Det synast i den samanheng til NINA Rapport 694, Villreinen sin bruk av Setesdalsheiene.

Det avsluttande villreinprosjektet avdekka viktige kunnskapsmanglar. I 2013 blei det igangsatt eit nytt GPS-merkeprosjekt. Eit overordna mål for prosjektet er å få villreinen til å bruke ein større del av heiområdet. Denne målsettinga og aktuelle tiltak for å nå målet bygger på anbefalingar gitt i sluttrapport frå det avslutta forskningsprosjektet. Fleire arbeidgrupper er nedsett for å gå djupare inn i ulike problemstillingar som til dømes reinens trekk (eller mangel på trekk), påverknad av ferdsel, barriereeffektar av dei store magasinane og vegar, endra bestandsforvaltning og ikkje minst: Er det avbøtande eller kompensierende tiltak å foreslå? Svaret er JA, men analyser og rapportering frå prosjektet vil ikkje bli slutført før i 2018. Difor er det no for tidleg å komme med endelege konklusjonar når det gjeld forslag til tiltak. Her er nokre døme på tiltak som blir diskutert:

- Flytting av fleire turisthytter og stiar frå det mest sentrale villreinområde til randområda, dvs frå aust til vest
- Jaktfrie soner for å redusere forstyrningar
- Terskelbygging i regulerte Ytre Storevatn for å opne ein gamal trekkveg
- Reetablering og drift av Satnat-prosjektet; Kartlegging og og overvåking av beite

Vilje og økonomi for å gjennomføre kompensierende tiltak

I St.meld. nr. 26 (2006-2007), Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand, blei det slått fast at sikring av villreinen sine leveområder er eit nasjonalt mål. Dette skal bl.a. skje ved å opprette "Nasjonale villreinområder". Arten er ikkje truga, men blir rekna som ein norsk ansvarsart som vi har eit spesielt ansvar for å ta vare på. Likevel har den generelle samfunnsutviklinga ført til aukande fragmentering av leveområda.

I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Fjellområda med fleirårsmagasin i øvre del av Kvinavassdraget og Siravassdraget ligg innanfor grensene som er satt for omsynssone villrein og omsynssone nasjonalt villreinområde. Stammen er den sørlegaste førekomsten i Europa.

Villreinnemda for Setesdalområdet meiner NVE i samband med revisjon av konsesjonsvilkår i Setesdal Ryfylke langt på veg må sørgje for at det blir kompensert for dei negative påverknader reguleringa har hatt for villreinstammen i området. Kostnaden for tiltak må fordelast mellom dei ulike regulantane i området.

Samordning

Forvaltningssekretariatet for SVR har etter styrevedtak søkt kontakt med villreinnemda og andre partar i saka for å opprette ein dialog. Formålet er tenkt å vere å klarleggje rammene for kva krav det kan vere realistisk å stille, samt å sikre best mogleg fagleg dokumentasjon for dei krav man ønskjer å setje fram. Som del av denne dialogen vil det vere eit møte 14.april på Tonstad.

Vilkårsrevisjonane er ein stor og samansett prosess med mange involverte partar og eit omfattande regelverk. Det er difor viktig å framsette krav om avbøtande tiltak som er godt faglig dokumentert, er realistiske å få gjennomført og er innanfor rammene for kva som er mogleg å få til gjennom ein vilkårsrevisjon. Forvaltningssekretariatet for SVR meiner ei viss samordning av høyringsuttalar med andre partar kan sikre større gjennomslag for dei avbøtande tiltak ein ønskjer å få gjennomført.

Framlegg til vedtak

Vilkårsrevisjonen for Sira-Kvina reguleringa er ei svært viktig sak for villreinnemda. Ei slik vilkårsrevisjon kan opne for gjennomføring av avbøtande og kompenserande tiltak som kan ha stor positiv effekt for villreinen.

Det er fleire føresetnader som må til for å få til dette, bl a

- Ei felles forståing for at kraftutbygginga har medført negative konsekvensar for villreinen
- Ein må ta utgangspunkt i villreinen sitt leveområde, ikkje kraftregulanten sitt nedbørsfelt
- For å finne dei beste kompenserande tiltaka må ein ta utgangspunkt i dei samla negative konsekvensane i villreinområde, ikkje berre tiltak knyt direkte til kraftselskapet sine inngrep
- Eit godt kunnskapsgrunnlag
- Vilje og økonomi for å gjennomføre tiltak

Truleg er det først etter at GPS-prosjektet i Setesdal Ryfylke er slutført ein vil kunne leggje fram ei anbefaling om prioriterte avbøtande og kompenserande tiltak.

Sekretær jobbar vidare med saka, mellom anna gjennom dialog med verneområdeforvaltninga. Framlegg til høyringsuttale blir lagt fram til godkjenning av arbeidsutvalet i mai.

Møteprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Arbeidsutvalet ønskja primært at ordinær høringsfrist, 18. april, blei overhaldt. Siste avsnitt i framlegg til vedtak blei difor teke bort.

Vedtak

Vilkårsrevisjonen for Sira-Kvina reguleringa er ei svært viktig sak for villreinnemda. Ei slik vilkårsrevisjon kan opne for gjennomføring av avbøtande og kompenserande tiltak som kan ha stor positiv effekt for villreinen.

Det er fleire føresetnader som må til for å få til dette, bl a

- Ei felles forståing for at kraftutbygginga har medført negative konsekvensar for villreinen
- Ein må ta utgangspunkt i villreinen sitt leveområde, ikkje kraftregulanten sitt nedbørsfelt
- For å finne dei beste kompenserande tiltaka må ein ta utgangspunkt i dei samla negative konsekvensane i villreinområde, ikkje berre tiltak knyt direkte til kraftselskapet sine inngrep
- Eit godt kunnskapsgrunnlag
- Vilje og økonomi for å gjennomføre tiltak

Truleg er det først etter at GPS-prosjektet i Setesdal Ryfylke er slutført ein vil kunne leggje fram ei anbefaling om prioriterte avbøtande og kompenserande tiltak.

Møteprotokoll, Villreinnemda for Setesdalområdet

Kari Røynlid la fram forslag om å erstatte siste avsnitt i arbeidsutvalet sitt vedtak med følgjande:

Erfaringane med GPS-prosjektet har så langt synleggjort fleire problemstillingar knytt til reinens trekk, barrierar og påverknad av ferdsel som må vurderast i samband med revisjonen. Til dømes:

- *Flytting av turistløyper*
- *Omlegging av turløyper*
- *Ferdsel på magasin*
- *Jaktfrie soner*
- *Terskelbygging for å opne gamle trekkveggar*

Endeleg anbefaling av prioriterte avbøtande og kompenserande tiltak vil kunne gjerast når sluttrapporten blir lagt fram i 2018.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Uttale

Vilkårsrevisjonen for Sira-Kvina reguleringa er ei svært viktig sak for villreinnemda. Ei slik vilkårsrevisjon kan opne for gjennomføring av avbøtande og kompenserande tiltak som kan ha stor positiv effekt for villreinen.

Det er fleire føresetnader som må til for å få til dette, bl a

- Ei felles forståing for at kraftutbygginga har medført negative konsekvensar for villreinen
- Ein må ta utgangspunkt i villreinen sitt leveområde, ikkje kraftregulanten sitt nedbørsfelt
- For å finne dei beste kompenserande tiltaka må ein ta utgangspunkt i dei samla negative konsekvensane i villreinområda, ikkje berre tiltak knyt direkte til kraftselskapet sine inngrep
- Eit godt kunnskapsgrunnlag
- Vilje og økonomi for å gjennomføre tiltak

Erfaringane med GPS-prosjektet har så langt synleggjort fleire problemstillingar knytt til reinens trekk, barrierar og påverknad av ferdsel som må vurderast i samband med revisjonen. Til dømes:

- Flytting av turistløyper
- Omlegging av turløyper
- Ferdsel på magasin
- Jaktfrie soner
- Terskelbygging for å opne gamle trekkvegar

Endeleg anbefaling av prioriterte avbøtande og kompenserande tiltak vil kunne gjerast når sluttrapporten blir lagt fram i 2018.



Sak 8-16

Godkjenning av avskytingsplan 2016 for Våmur-Roan

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	05.04.2016	Jarle Lunde
Villreinnemnda for Setesdalområdet	06.04.2016	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

[Årsmelding 2016 – Våmur-Roan Villreinlag](#)

[Våmur Roan Villreinlag - Helikopterteljing 22. februar 2016](#)

Bakgrunn:

Våmur-Roan Villreinlag ber om å få godkjent 80 fellingsløyve for rein i 2016. Laget vil fordele dei på dette viset for å få ei god kjønnsfordeling i stamma etter jakta.

	Vaksen bukk	Simle/ungdyr	Kalv	SUM felt
2016	21 stk	26 stk	33 stk	80
	26 %	33 %	41 %	

Denne avskytinga er tufta på:

- måla i bestandsplanen, med særleg fokus på å ha ei sunn stamme med god kjønnsbalanse etter jakta 2016
- resultatet frå jakta i 2015 med vurderingar av sett-reinskjema i Våmur Roan
 - vektene på kalv og ungbukk er på veg nedover
- tildelinga av bukk er auka, da jegerane her er så redde for å få skjemt kjøtt at fleire skyt både simle/ungdyr og kalv på frie kort.
 - Difor blei teke ut forholdsvis mykje simler i 2015, noko me ikkje ynskjer å vidareføre i 2016.
 - Jakttrykket er absolutt minst på bukk, med ca 4 % felt av sett bukk i 2015.
- resultatet av bestandsvurderinga etter gjennomført helikopterteljing 22. februar 2016
- drøftingar med viltforvaltar Tor Punsvik, FMAVA
- samla vurdering av styret i Våmur-Roan Villreinlag

Våmur-Roan Villreinlag meiner at denne fordelinga av fellingsløyve vil gi ein meir riktig kjønnsbalanse i stamma etter uttaket i 2016.

Vinterstamma er vurdert til å vere på/over 240 dyr. Målet i Bestandsplanen er å ha ei vinterstamme på om lag 200 dyr.

Vurdering:

I 2015 blei det gitt eit fellingsløyve på 80 dyr, fordelt på 14 frie dyr, 33 simle/ungdyr og 33 kalv. Grunnlaget for løyve var å starte på ein reduksjon av vinterstamma der målsetjinga er 200 dyr.

Fellingsresultatet blei 64 dyr, ein fellingsprosent på 80%. Det blei felt ein god del fleire simle/ungdyr og færre storbuikk i forhold til målsetjinga i bestandsplanen. Dette er bakgrunnen for at ein søker om ein større bukkkvote i 2016.

Framlegg til vedtak:

I tråd med § 28 i hjorteviltforskrifta gjer villreinnemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:

	Vaksen bukk	Simle/ungdyr	Kalv	SUM felt
2016	21 stk	26 stk	33 stk	80
	26 %	33 %	41 %	

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemnda

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I tråd med § 28 i hjorteviltforskrifta gjer villreinnemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:

	Vaksen bukk	Simle/ungdyr	Kalv	SUM felt
2016	21 stk	26 stk	33 stk	80

	26 %	33 %	41 %	
--	------	------	------	--

Saksprotokoll, Villreinnemnda for Setesdalområdet

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I tråd med § 28 i hjorteviltforskrifta gjer villreinnemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:

	Vaksen bukk	Simle/ungdyr	Kalv	SUM felt
2016	21 stk	26 stk	33 stk	80
	26 %	33 %	41 %	



Sak 9/16

Godkjenning av avskytningsplan for Setesdal-Ryfylke 2016

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	05.04.2016	Jarle Lunde
Villreinnemnda for Setesdalområdet	06.04.2016	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

- [Avskytningsplan for Setesdal-Ryfylke 2016 \(Vedlegg\)](#)
- [Beslutningsgrunnlag 2016](#)
- [Bestandsplan 2014-2018](#)

Bakgrunn:

I 2014 vart det godkjend 5-årig bestandsplan for Setesdal Ryfylke villreinområde. Bestandsplanen inneheld følgjande målsetting:

HOVEDMÅL:

Forvaltningen av villreinbestanden i Setesdal-Ryfylke skal i planperioden bidra til en økning av bestanden for at dyrene skal bruke en større del av villreinområdet

- Hovedmålet innebærer at en forventet bestandsøkning må møtes med tiltak som sikrer og forbedrer beitegrunnlag og trekkmuligheter. Det er et felles ansvar for alle aktører innen villreinforvaltningen å bidra til slike tiltak.

DELMÅL:

Bestandsstørrelse: Antallet villrein i nordområdet skal stabiliseres på ca. 2000 dyr. Antall villrein i sørområdet skal gradvis økes fra antatt 1000 dyr vinteren 2013-2014 til ca 1500 dyr. Samlet for Setesdal Ryfylke skal ikke bestanden overstige 3500 dyr. Det er et mål at villrein skal bli et vanligere syn i en større del av villreinområdet.

Delmål kondisjon: Kondisjon og kalvetilvekst skal opprettholdes innenfor et akseptabelt nivå.

Bestandsstruktur: Storbukkandelen (minst 3,5 år) økes opp mot 25% i løpet av planperioden

Det ligg nå føre forslag til avskytningsplan for 2016. Dei nemnde måla frå bestandsplanen ligg i botn. Til avskytningsplanen følgjer eige dokument med figur og talgrunnlag (beslutningsgrunnlag).

Avskytningsplanen inneheld ein del fakta og føresetnadar som er lagt til grunn for fastsetting av kvote for 2016. Nokre av hovudpunkta er lista opp i det følgjande:

- Det er lagt til grunn at bestandsstorleiken denne vinteren er på 3500 dyr, med ei fordeling på 1300 dyr i sør og 2200 i nordområdet. Målsettinga i bestandsplanen er ein bestandsstorleik på 3500 dyr, fordelt på 2000 dyr i nord og 1500 dyr i sør.
- Tal for kalveproduksjon dei siste 10 åra syner at ein høgare kalveproduksjon i sør enn i nord (50 kalv pr. 100 S/U og 40 kalv pr. S/U). Dette kan tyde på at ein monaleg tettare bestand i nord verkar negativt inn på beitegrunnlag og i neste omgang kondisjonen hjå dyra.
- Det er mål om auke bestanden i sør og reduksjon av bestanden i nord. Av den grunn vert kortfordeling og minsteareal også for 2016 sett ulikt i sør og nord. Det er ønskje om fortsatt bestandsvekst i sør men for å nærme seg bestandsmålet kontrollert er det ønskjeleg å auke avskytinga noko.
- Ved jakta i 2015 var fellingsprosenten på 16 %, fordelt på 9 % i sør og 21 % i nord, mens det i avskytningsplanen var lagt til grunn 23 % felling. For å få eit betre samsvar mellom fellingsmål og felling er forventa felling i 2016 satt til 20 %.
- For å auke andel storbukk i bestanden opp mot 25 %, og såleis få fleire dyr i randområda, vert andel frikort redusert i sør.

Med bakgrunn i nemnde hovudpunkt vert minstearealet sett til 3000 dekar i sør og 1250 dekar i nord. Dette gir ei samla kvote i Setesdal Ryfylke på 2950 dyr.

Fordeling av kort vert da som følgjer:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	5 %	15 %	30 %	50 %
Sør	6 %	14 %	30 %	50 %

Vurdering:

Avskytningsplanen byggjer på målsettingane i vedteken bestandsplan.

Framlegg til vedtak

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ei samla kvote på 2950 dyr for sesongen 2016 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Kvota vert fordelt med 1499 dyr i nord og 1451 dyr i sør.

Minstearealet er rekna til 1250 dekar i nord og 3000 dekar i sør. Fordeling av kort er som følgje:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	5 %	15 %	30 %	50 %
Sør	6 %	14 %	30 %	50 %

Vedtaket er i samsvar med Setesdal Ryfylke villreinlag sin avskytingsplan for 2016.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemnda

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ei samla kvote på 2950 dyr for sesongen 2016 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Kvota vert fordelt med 1499 dyr i nord og 1451 dyr i sør.

Minstearealet er rekna til 1250 dekar i nord og 3000 dekar i sør. Fordeling av kort er som følgje:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	5 %	15 %	30 %	50 %
Sør	6 %	14 %	30 %	50 %

Vedtaket er i samsvar med Setesdal Ryfylke villreinlag sin avskytingsplan for 2016.

Saksprotokoll, Villreinnemnda for Setesdalområdet

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ei samla kvote på 2950 dyr for sesongen 2016 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Kvota vert fordelt med 1499 dyr i nord og 1451 dyr i sør.

Minstearealet er rekna til 1250 dekar i nord og 3000 dekar i sør. Fordeling av kort er som følgje:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	5 %	15 %	30 %	50 %
Sør	6 %	14 %	30 %	50 %

Vedtaket er i samsvar med Setesdal Ryfylke villreinlag sin avskytingsplan for 2016.



Sak 10/16

Godkjenning av "Avskytningsplan Setesdal Austhei 2016"

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i villreinnemnda	05.04.2016	Jarle Lunde
Villreinnemnda for Setesdalområdet	06.04.2016	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

Avskytningsplan Setesdal Austhei 2016

[Bestandsplan for Setesdal Austhei \(2014-2018\)](#)

Bakgrunn

I 2015 vart det godkjend 5-årig bestandsplan for Setesdal Austhei villreinområde. Bestandsplanen inneheld følgjande målsetting:

Hovedmål:

Villreinbestanden i Setesdal Austhei villreinområde skal holdes på et nivå som ikkje reduserer beitegrunnet og forvaltes på en måte som gir sunne og livskraftige dyr.

Delmål bestandsstørrelse:

Vinterbestanden i Setesdal Austhei skal i planperioden reduseres ned mot 1500 vinterdyr.

Delmål storbukkandel:

Storbukkandelen i Setesdal Austhei skal holdes på minst 20%

Det ligg nå føre forslag til avskytningsplan for 2016. I villreinlaget er det stor usikkerhet knytt til bestandsstørrelsen, men generelt er inntrykket at bestanden er betydeleg lågare enn det som tidlegare er berekna. Ein slik situasjon kan ha oppstått gjennom utvandring av dyr eller ikkje registrert avskyting.

Ved utarbeiding av årets avskytningsplan for Setesdal Austhei villreinområde er følgjande hovudpunkt lagt til grunn:

- "Det legges til grunn at bestanden denne vinteren er ca 1200 dyr.
- På grunnlag av tellinger og beregninger legges det til grunn at det blir en produksjon i 2016 på ca 300 kalver.

- Det antas at jaktuttaket i 2015 vil ta ut omtrent tilveksten.
- Det legges til grunn at storbukkandelen i sørområdet er i tråd med målsettingen på 12-15%.
- Forventet felling settes til 30% for hele området.
- Kortfordelingen holdes uendret fra i fjor.
- Kortfordeling og minsteareal skal være lik i hele området. “

Vurdering

I fjorårets avskytingsplan blei det lagt til grunn at vinterbestanden var ca 2300 dyr. Problemstillinga då var korleis ein skulle klare å redusere bestanden til målet på 1500 vinterdyr. For å auka avskytinga vedtok villreinemnda at det skulle være differensiert minsteareal innan villreinområdet.

Villreinlaget meiner at situasjonen i år er ein helt annen og har difor igjen foreslått likt minsteareal for heile området.

Kalveteljning sist sommar og vinterteljning med helikopter i år støtter oppfatninga om at bestanden no er lågare enn tidligare teljingar har vist.

I siste bestandsplan kan ein lesa at villreinbestanden i Setesdal Austhei (SA) ikkje er fysisk delt frå Setesdal Vesthei (SV), Hardangervidda (HV) og Våmur-Roan. I periodar førekjem det betydeleg utveksling av dyr. Svein Ekre, leiar i SAVL, skriv dette i e-post (12.03.16):

For oss i villreinlaget og blant rettighets-haverar og jegerar, så meiner me at det har vore utvandring både til HV og SV. I 2013 var det omlag 1000 dyr som kryssa vegen ved Viermyr Lundane, det var dei same dyra som vart strukturtelt 1 november 2013 som visa 950 -1000 dyr. Blant dei var det og to gps merka, dei kom tilbake og er pr idag på SA, men trulegvis var det noko som utvandra. I 2014 på vinteren var det vanskelege forhold i nordområde på SA, med sterk ising opptil 3 tomnar is på fjellrabbane der dyra skulle beite. Denne vinteren var det og mykje uver og store snomengder, i denne perioden vart det sett ei nokså stor slepe som kryssa vegen i nærheten av Nybulia i nordområde, det var ein av brøyterane på RV 9 som registrera det. Me er og kjendt med at det tidlegare har vore utvandring mellom nemnte villreinområde, blant anna på 1980 talet.

I denne usikre situasjonen ønskjer villreinlaget å stabilisere bestanden inntil ein får eit betre tallgrunnlag og setter fellingsmålet til 300 dyr. Dette er ei nokså stor kvoteendring i forhold til dei siste åra, men her må ein prøve å regulere avskytinga i samsvar med dei faktiske forholda. Forventa bestandstørrelse neste år vil med dette truleg vere noe lågare enn målsettinga i bestandsplanen. Tidlegare erfaringar har og vist at det har vore enklare å auka bestanden, enn å redusere den når ein har for mange dyr.

Avskyttninsplanen foreslår ein samla kvote på 1039 dyr for sesongen 2016 i Setesdal Austhei villreinområde. Kvota vert fordelt med 335 dyr i nord og 704 dyr i sør. Forventa fellingsprosent er 30.

Minstearealet er rekna til 2300 dekar. Fordeling av kort er som følgje:

Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
15%	25%	20%	40%

Framlegg til vedtak:

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §28 fastsett villreinnemnda ei samla kvote på 1039 dyr for sesongen 2016 i Setesdal Austhei villreinområde. Kvota vert fordelt med 335 dyr i nord og 704 dyr i sør.

Minstearealet er rekna til 2300 dekar. Fordeling av kort er som følgje:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
	15%	25%	20%	40%

Vedtaket er i samsvar med Setesdal Austhei villreinlag sin avskytingsplan for 2016.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemnda

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §28 fastsett villreinnemnda ei samla kvote på 1039 dyr for sesongen 2016 i Setesdal Austhei villreinområde. Kvota vert fordelt med 335 dyr i nord og 704 dyr i sør.

Minstearealet er rekna til 2300 dekar. Fordeling av kort er som følgje:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
	15%	25%	20%	40%

Vedtaket er i samsvar med Setesdal Austhei villreinlag sin avskytingsplan for 2016.

Saksprotokoll, Villreinnemnda for Setesdalområdet

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §28 fastsett villreinnemnda ei samla kvote på 1039 dyr for sesongen 2016 i Setesdal Austhei villreinområde. Kvota vert fordelt med 335 dyr i nord og 704 dyr i sør.

Minstearealet er rekna til 2300 dekar. Fordeling av kort er som følgje:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
	15%	25%	20%	40%

Vedtaket er i samsvar med Setesdal Austhei villreinlag sin avskytingsplan for 2016.

*Villreinnemnda for
Setesdalområdet*



Våmur-Raan, Setesdal Austhei og Setesdal-Ryfylke villreinområder

Sak 11/16 Eventuelt

Ingen saker